

Kyrkja i Jostedalen

Av Anne Marta Hoff

Det vert feira mange kyrkjejubileum kring i landet, og stundom må ein gripa til eit år som tykkjest rimeleg. Dette gjeld særleg kyrkjene frå mellomalderen fordi ein ikkje har noko konkret spikar å hengja hatten på. I Jostedalen har vi eit år, 1660. Frå dette året er det bevart skriftlege dokument heilt fram til vår tid, og vi kan med sjølvsyn sjå korleis blekket har tørka på papiret etter at seks menn har vore der og ”wurderit” den nye kyrkjebygningen som var oppført. Og ikkje berre det, det finst også rekneskapar som syner kva slags materialar som vart innkjøpte og kva som vart betalt for dei.

Luster skil seg ut som ein rik kyrkjekommune, ikkje berre gjennom dei to mellomalderkyrkjene, men også ved den heilt uvanleg situasjonen at ein på eit så lite område har samla tre av tømmerkyrkjene frå etterreformatorisk tid. Saman med Gaupne og Joranger kyrkjer er Jostedalen kyrkje ei verdfull kjelde for kunnskapen om kyrkjebygginga på 1600-talet.

Med kyrkja på plass og kjeldene framlagde skulle ein tru at alle problem var løyste og at det berre var å henta gammal kunnskap fram att. Så enkelt er det likevel ikkje. Etter at kjelder og bygning er gjennomgått og funn har vorte drøfta, er det enno viktige spørsmål om kyrkja og tida før og etter at ho vart reist som står uløyste. Samstundes har den merksemda kyrkja har fått i samband med jubileet, gjort at nokre ting er vortne klarare enn dei var, og andre ting har komme meir fram i dagen.

Kva skjedde i 1660?

Ein kan slå fast at sjølve kyrkjeski-

pet i Jostedalen kyrkje er frå 1660, altså den delen av kyrkja som, sett frå sørsida, omfattar den høgste delen av kyrkja frå koret til der tårnet tek til, sjølve byggja, eller tømmerdelen av skipet.

Austenden og vestenden av kyrkja, koret og tårnet, er derimot ikkje så enkle og sjølvsgade, og ein må nærare inn i materialet for å kunna finna ut korleis bygginga har gått for seg.

Koret

Det ein først legg merke til, er at tømmerstokkane frå koret ikkje er lafta gjennom austveggen i skipet slik ein ville ha venta. Det er berre den øvste stokken frå koret som går gjennom veggen. Når ein ser nærare på veggene i koret, viser det seg at dei har ein skøyt på kvar side, vel ein meter frå austveggen i skipet. Men skøyten av dei tre øvste stokkane ligg omlag 40 cm nærare inn mot veggen. Når dette let seg forklara, er det ut frå dei kjeldene som er bevarte, både dei frå oppføringsåret, og dei frå restaureringsperioden i første tiåret av 1900-talet.

I rekneskapen frå 1660 er det av nyinnkjøpt materiale berre nemnt tre omfar stokkar til koret, og dette skulle kunna stemma med dei tre stokkane som er 40 cm lengre enn hine. Første tiåret av 1900-talet vart koret utvida, og i samband med det laga den ansvarshavande arkitekten, Johannes Kløften, ei oppmålingssteikning av kyrkja slik ho var før ombygginga. Desse teikningane er ein føresetnad for å kunna forstå bygningshistoria og viser kor viktig denne typen dokumentasjon er.

Koret var heller ikkje då lafta inn i skipet, men festa inntil. Dei tre



Veggen nordvest i koret. Ein ser tydeleg både dei nye innfelta stokkane frå utvidinga tidleg på 1900-talet og at dei tre nye omfara frå 1660 er lengre enn kordelen frå den tidlegare kyrkja.

øvste stokkane gjekk heilt inn til tømmerveggen, medan resten var avslutta mot ein ca 40 cm brei ståande planke som fylte ut mellom korveggen og veggen i skipet. Forklaringa må då vera at ein i 1660 tok i bruk ein gammal bygningsdel med tre vegger, kan henda koret i førre kyrkje, gjorde sideveggene lengre med ståande plankar, og høgre med tre nye omfar. Dette koret vart igjen gjort lengre ved arbeida tidleg på 1900-talet. Plankane vart då tekne vekk.

Tårnet

Det er ikkje lett å gje ei god forklaring på og tidfesting av det tårnet som står vest i kyrkja. Dei skriftlege kjeldene fortel om nye tårn både i 1648, altså før kyrkja vart bygd, i oppføringsåret 1660 og i 1682 då

tårnet var teke av ei skrede, men like gjerne kan det då ha vore snakk om ei fornying av tårnet utan at grunnkonstruksjonen har vorte endra.

Med ein gong ein kjem inn i våpenhuset, eller svoli som det heiter lokalt, møter ein to kraftige, gamle tårnstavar som held fram heilt til topps i det tårnet kyrkja har i dag. Innafor kyrkjeveggen er det to nye stavar, og litt inn i kyrkja to til, altså i alt seks stavar eller tre par. Dette vert stadfesta ved Johannes Kløftens planteikning frå ca 1900 der det er avteikna tre par stavar. Det inste paret har ingenting med dagens tårn å gjera, og det har vore vanleg å tenkja seg at dei fire austre har vore tårnstavar i eit tidlegare tårn og dei fire vestre i det noverande tårnet, altså at paret i midten har vore brukt i to ulike situasjonar.

Nærare undersøking av kyrkja, oppmålingsteikningane og dei skriftlege kjeldene viser at dette er feil. Planen viser at stolpane står slik i forhold til einannan at ei slik tolking er vanske-

leg, og teikninga av langsnittet viser ei retning på stolpane som ikkje kan sameinast med ei slik tolking. Stolpeparet i midten går ikkje opp i tårnet no, men berre opp til takflata der dei er skrått avsaga til liks med det austre stolpeparet. Dei austre stolpane i dagens tårn står innafor desse, og kviler dels på tømmerveggen, dels på ein horisontal bjelke i høgde med himlinga over kyrkja.

Dateringa av det ståande tårnet er ikkje fastslått, men ut frå teknikk og materialbruk må sjølve konstruksjonen gå langt attende i tid. Likevel vil ein tru at kyrkja har hatt eit anna tårn då ho vart oppført, eit tårn som har stått inne i det nye skipet frå 1660. Det er rimeleg å tru at dette tårnet kan gå attende til tida før bygginga, men det er enno ikkje funne faste haldepunkt for dette.

Kva slags kyrkje var det i Jostedalen tidlegare?

Det står som ein udiskutabel teori at Jostedalen vart avfolka i samband med pestherjingane på midten av

1300-talet. Før dette veit ein at det var både folk og kyrkje i dalen, og den klokka som vart sundringd i 1856, høyrer ut til å ha vore ei klokke frå 12- eller 1300-talet.

Det er enno litt uvisst når og på kva måte dalen vart nyrydda og teken i bruk att, og opplysningane om kyrkja kan kanskje vera ein av bitane i dette puslespelet. To segner om kyrkjebygginga er attgjevne i jubileumboka. Kor vidt ein skal setja lit til desse, er eit ope spørsmål. Segner om flytting av kyrkjetømmer av overnaturlige krefter nattestid finst for kyrkjer flest, og er vel ikkje så mykje å få ut av.

Som vist kan det sjå ut som delar av kyrkjematerialen er frå ein eldre bygning, og då helst frå ei eldre kyrkje. Det gjeld då den nedste, austre delen av koret og dei restane som står att etter ein eldre tårnkonstruksjon. I tillegg er det fragment, dels oppattbrukte, dels som lause materialbitar som kan sjå ut som dei er eldre enn kyrkja. Ei nærare undersø-



Prestekone-stolen er framme på kvinnesida (nordsida).

king av dette materialet ville kanskje gje årstal som kunne seia noko om aktiviteten før oppføring av dagens kyrkje.

Det at det fanst eit kor som vart opp-attbrukt, kan bety at det stod att ei kyrkje gjennom øydetida, venteleg ei stavkyrkje som må ha vore mangelfull, at ein sette til eit kor for å gjera ho større då ho vart teken i bruk att, og at koret vart sekundært brukt i 1660. Det at koret er utan laft i vest, styrkar ein slik tanke.

Mindre sannsynleg er det at ein har hatt ei tømmerkyrkje der berre koret har vore i brukande stand. Tømmerkyrkjebygginga på Vestlandet tek til kring Osterøy og Lindås ca 1610, og det finst berre

eitt norsk døme på eit tømra mellomalderkapell. Ut frå det ein generelt veit, er det difor lite sannsynleg at det har vorte bygt ei heil tømmerkyrkje før den ståande kyrkja. Kyrkjerekneskapar for Jostedalen finst attende til 1631 og viser at det i alle fall då var ei fullt aktiv kyrkje i dalen.

Interiøret

I alle dei tre 1600-talskyrkjene i kommunen finn vi den typiske interiørmålinga som slyngar seg i store ranker over den øvre delen av veggene. Den nedre delen vart vanlegvis måla med ei etterlikning av drapert tøy opphengt med ringar på ei stong. I mellomalderen er det haldepunkt for at det i mange kyrkjer verkeleg var hengt opp tøydraperi

på veggene, dels mot kulden, dels for at det skulle ta seg fint ut.


Kyrkja har heilt fram til tidleg på 1900-talet hatt flat himling, med unntak av rett over altaret som gjerne vert æra med ein kvelv. Dei flate himlingane er typiske for kyrkjene frå denne perioden, og den endringa som skjedde i Jostedalen kyrkje for 100 år sidan, kunne nok ikkje ha funne stad i dag. Typisk er det å finna ein stjernehimme i koret, gjerne med små skyer og sol og måne som i Jostedalen, medan himlingen over skipet meir høyrde til den jordiske sfæren.


Det å markera koret som ein stad litt nærare himmelen, er også gjort i Jostedalen og andre kyrkjer gjennom korskiljet, veggen mellom kor og skip, som dels er open og let kyrkjelyden ta del i det som skjer der, men samstundes markerer eit skilje der koret og det som skjer der vert ein stad å sjå fram mot, å knyta sine lengsler til.

Inventaret

Både målinga og inventaret i kyrkja tydar på at Jostedalen på 1600-talet har hatt slik kontakt med omverda som ein kunne venta i eit lite sokn. Snikkarverk av betydning, som t.d. vindauge med karmar, vart tinga frå Bergen, altartavla kom frå Kaupanger, preikestolen er eit standard og tidsrett snikkararbeid som ikkje er heimelaga på ein gard i Jostedalen, om det då ikkje fanst ein profesjonell snikkar her.

Altartavla var det presten Otto Hansson Ravn som fekk tak i frå Kaupanger, truleg i 1636, venteleg av di ein der ville ha noko større og meir "tidsmessig". Til Kaupanger kom ho etter innskrifta i 1609 og tavla er eit seint stadium av dei såkalla "katekismetavlene" som var i bruk i Bjørgvin frå 1589. Ei rein katekismetavle finst i Gaupne kyr-





"...och Thømmer till 3 Omfar paa Koren, med ny Suiller neden vnder..." . Den viktige opplysninga frå synfaringsdokumentet 2. oktober 1660 som har vore med på å løysa gåta om koret.

kje, og ikkje har figurframstillingar, men berre katekismetekstane i ein viss orden, pluss ei innskrift til ære for kongen i gavlfeltet. Ein fjerna seg fort og stegvis frå denne strenge oppskrifta og trekte bileta innatt, på sidene, over og under det skrivne ord. Tavla i Jostedalen har Nattverdsorda og Fader vår i midtfeltet, elles er det biletframstillingar både på sidene og over. I staden for kongens emblem som t.d. i Gaupne, har familievåpna til Gjøde Pedersen og kona fått plass på fotstykket. Den oppstadne Frelsaren i gavlfeltet vart det vanlege topp-motivet framover, mindre vanleg er det å finna dei to teologiske dygdene, von og tru på kvar side av midtfeltet. Ein ville venta at Kjærleiken (Charitas) – som er størst av alt – ikkje vart sløyfa i ein slik samanheng, og Kristus kan her vera framstilt som Kjærleiken.

Preikestolen er merkt med årstalet 1626. Det er ein typisk renessansepreikestol, men ingen av dei preikestolane som finst frå denne tida i Luster, er påfallande like. Han har storfelt med portalforn som dei andre, og kring portalen er det skore ut snodde band, det same finst i Gaupne. Konsollane mellom sidene i smalfelta oppe og nede kan likna på dei i Dale, men er ikkje så profesjonelt utførte.

Bankane har også mange trekk som går attende til byggeperioden, men det har likevel skjedd så mykje i samband med restaureringa i første tiår av 1900-talet at det er vanskeleg å trekka sikre slutningar. Som ofte elles finst ein særskild stol (innelukka benk) for kona til presten og dei ho måtte ha med seg. Denne er som elles plassert langt framme på nord-

sida (kvinnesida) i kyrkja. Benkevangane har ornamentikk i flatt relieff, truleg frå kring 1700.

Det finst inventar i kyrkja som går attende til 1500-talet, noko som tydar på at kyrkjelyden har vore etablert etter måten tidleg.

Kyrkjejubileum

Kyrkja i Jostedalen er feira. Det har ført til at kyrkja har vorte sett inn i mange samanhengar. Folk har møtt einannan i gilde lag, gått dei gamle

kyrkjevegane, gjeve og teke til beste av kunnskap, handarbeid, song og spel, måling og pynting i påminning om kyrkja sitt liv no og før. Nye spørsmål har dukka opp og gamle kjelder har vorte leita fram. Mykje av det skulle ein gått vidare med og det ville venteleg gjeve enno fleire svar – og kanskje nye spørsmål att. Men så grip kvardagen tak i oss att, alt det vi må, og i ettertankens klokskap kan vi berre takka for at det vesle kvite gudshuset framme i dalen fekk trekt oss litt vekk frå det trivielle – for ei stund.

Artikkelen har tidlegare stått i "Kyrkje og heimbygd" nr. 6, 2010.

Ny kunnskap om kyrkjebygningen

Anne Marta Hoff er ein av Noregs fremste kyrkjehistorikarar. Ho arbeider på Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) med det store nasjonale dokumentasjonsprosjektet "Norges kirker". Anne Marta har sterke band til Luster og arbeider for tida med kyrkjene i kommunen, og ho har vore til stor hjelp i arbeidet med jubileumsboka.

I denne artikkelen presenterer Anne Marta mellom anna den rykande ferske kunnskapen om koret i kyrkja, som ho fyrst la

fram på eit føredrag under jubileumshelga i juni. Dette var for nytt til at det kom med i boka.

I juni var òg kyrkjegranskar Ola Storsletten (NIKU) i Jostedal kyrkje og dokumenterte eldre bygningsdelar for det store nasjonale "Stavkyrkjeprogrammet". Rapporten hans, Gjenanvendte bygningsdeler i Jostedal kirke?, konkluderer òg med at koret er bygt til ei tidlegare kyrkje. Han kan lesast på nettsida til Jostedal historielag.

Oddmund Hoel



Ingebjørg Øveraasen, Ola Storsletten, Anne Marta Hoff og Elisabeth Andersen frå NIKU på synfaring i kyrkja 17. juni.


Storverk om Jostedal kyrkje

26. juni kunne ei nøgd og byrg boknemnd presentere den nye praktboka om kyrkja for kring 130 framømte på Breheimsenteret. Boka oppsummerer grundig på 250 sider det ein veit om kyrkjebygningen og inventaret, kyrkjetenesta, prestegarden, presteembetet og prestane og andre tilsette i kyrkja. Mange gamle ukjende kjelder og mykje ny kunnskap om kyrkjebygningen, prestegarden og presteembetet er grave fram til dette nye standardverket om kyrkja.

Initiativtakar og drivkraft i arbeidet med boka har vore Kåre Øvregard, som saman Asbjørg Ormberg og Oddmund L. Hoel har skrive dei største delane av boka. Kristen Ormberg har leia arbeidet med å hente inn ei stor mengd bilete til boka. Med i boknemnda var elles soknerådsleiar Bergljot Snøtun. Geir Paulsen, Oddlaug Molland og Åse Snøtun, biskop Halvor Nordhaug og fleire tidlegare prestar har òg skrive i boka, som er utgjeven på Skald forlag.

Boka er i fargar og gjennomillustrert. Prisen er 400 kr, og boka kan kjøpast hjå Thor Bakkens, Breheimsenteret, Jostedal hotell, kyrkjekontoret i Gaupne, Luster sparebank eller Årdal Trend.

Oddmund Hoel



Framsida på boka.

Kyrkjehistorie på nettet

Mange av dei viktigaste kjeldene til jubileumsboka om kyrkja ligg på nettstaden til Jostedal historielag. Somme vart lagde ut i fjor, og nytt det siste året er mellom anna:

- 1600-talsdokumenta: 12 unike dokument om kyrkja og presteembetet frå åra 1625-1667, dei fleste tidlegare ukjende. Her ligg mellom anna synfaringsdokumenta frå 1656 og 1660. Alle dokumenta er lagt ut både i original (handskrift) og med avskrifter.
- Kallsboka: Avskrift av dei eldste delane av boka som vart påbyrja 1830. Dette er ein protokoll der prestane skriv inn ymse opplysningar om kallet (også historiske) til orientering for biskop, prost og etterkomarar.

- Prestesøknader og kallsbrev: Avskrifter av søknadene og kallsbrev til Henrik Nitter (1703) og Matthias Foss (1741), og dessutan søkjarlista til prestekallet frå 1725.

- Brev frå Matthias Foss: Avskrift av eit brev 26.2.1743 om kor hardt det var å vere prest i Jostedalen.

Sjå

www.historielaget.jostedal.no >> Kyrkjehistorie

Oddmund Hoel